

## NYHEITSBREV – Vestfold og Telemark

Målgruppe: Kommunane og andre samarbeidspartar i fylket.  
Utgjevar: Regionalt støtteapparat v/ Statsforvaltaren, KS, USHT og fylkeskommunen.  
Kontakt: Elisabeth Holte [fmteeho@statsforvalteren.no](mailto:fmteeho@statsforvalteren.no) Mob: 99169716

Nr. 4 - desember 2021

### Informasjon om Leve heile livet

Leve heile livet-reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Nyheitsbrevet sendast til kontaktpersonane i kommunane, som formidlar brevet i eigen kommune. Brevet er i tillegg lagt ut på Statsforvaltaren si [nettside](#).

### Leve heile livet - med begeistring! (Ikkje sutring)

Mange deltok på årets Leve heile livet-konferanse i Langesund, til tross for ein krevjande korona-situasjon. Kvelden 1.12 hadde fokus på eit aldersvennleg samfunn, og vi fekk fine innlegg om sansehagar og eit bukolektiv for eldre. Dagkonferansen 2.12 blei opna av Statsforvaltar Per Arne Olsen. Deretter fortalde Cathrine Hefte frå HelseDirektoratet om status for reforma nasjonalt og regionalt, før Bjørn Heine Strand frå Folkehelseinstituttet overtok. Han stilte spørsmål om dei eldre



er friskare enn før, og kva det vil seie for hjelpebehovet framover. Utover dagen fekk vi mange spennande innlegg om blant anna samarbeid med frivillige i Nome (bilete), helsehjelp, musikkterapi, og Sandefjord kommune delte erfaringar frå arbeidet med Leve heile livet. Konferansen blei avslutta med eit fyrverkeri av et kåseri av prest og forfattar Per Anders Nordengen. Han oppfordra oss til å Leve heile livet - med begeistring (ikkje sutring)! Presentasjonane blir snart lagt ut på

Statsforvaltaren sine heimesider.

### Lurer du på kva tilskotsordningar din kommune kan søkje på?

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark inviterer kommunalsjefar, leiarar og andre som jobbar med prosjekt/tilskot til ei digital samling 2. februar 2022, kl.09.00 – 13.00. Her vil du få informasjon om alle tilskotsordningane som finst på helse- og omsorgsområdet, medrekna psykisk helse og rus. Vi går gjennom søknadsprosess og rapportering, og du vil også få inspirerende eksempel frå kommunar som har sett i gong spennande prosjekt ved hjelp av tilskotsmidlar. Meir informasjon finn du [her](#).

### Korleis har me det i fylket vårt?

Tysdag 18. januar frå kl. 10.00-12.00 inviterer Vestfold og Telemark fylkeskommune til lansering av dei fyrste resultatane frå Folkehelseundersøkinga i 2021. Det vil vere mogleg å møte fysisk på Fylkeshuset i Skien eller følgje arrangementet digitalt. Det blir lagt fram rykande ferske tal om innbyggjarane si helse, trivsel og livskvalitet. Det blir gode innlegg og dialog mellom ordførarar i to av våre kommunar. Etter lanseringsseminaret blir det møte i folkehelsenettverket om korleis me kan anvende kunnskapen. Les meir om lanseringsseminaret og meld deg på [her](#).

## Oppstart av Gode pasientforløp i Øvre Telemark



Stemninga var god og engasjementet var stort då nettverket for Gode pasientforløp i Øvre Telemark hadde oppstart i Vrådal 17. og 18. november. Ti kommunale forbetringsteam og eit forbetringsteam frå Notodden sjukehus deltek i satsinga. Gode pasientforløp samarbeider med Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester, i Telemark som bidrar med oppfølging og rettleiing av forbetringsteama. Det var gode lokale innlegg frå mellom

anna Ann Wraa, kommunalsjef Tokke kommune, Gry Anja Gundersborg, kommunalsjef Tinn kommune og Ragnhild Kasin, seksjonsleiar Notodden sjukehus (bilete). På programmet elles var det blant anna innlegg av Anders Vege som snakka om retningsendringa 'Kva er viktig for deg' (bilete). Meir om samlinga og presentasjonar kan du finne [her](#).



## Fagdag pårørende

USHT-Vestfold vil med tilskot frå Statsforvaltaren og i samarbeid med kommunane i Vestfold setje fokus på pårønderolla og korleis vi i tenesta kan vareta denne viktige gruppa på ein best mogeleg måte. Tema for dagen vil mellom anna vere pårørende sine rettar, «gode møte» og kartleggingsverktøy. Målgruppe er helsepersonell og leiarar i den kommunale helse- og omsorgstenesta, samt spesielt inviterte brukarrepresentantar med pårørande erfaring. "Fagdagen er, på grunn av smittesituasjonen, utsett på ubestemt tid, men når datoen er klar, vil det bli kunngjort på [sandefjord.kommune.no/usht](http://sandefjord.kommune.no/usht) og [kompetansebroen.no](http://kompetansebroen.no). Kontaktperson er Anita Nilo (USHT-V): [anita.nilo@sandefjord.kommune.no](mailto:anita.nilo@sandefjord.kommune.no) <

## Sterk og stødig

«Sterk og Stødig» er eit nasjonalt konsept for helsefremjande og fallførebyggjande treningsgrupper for eldre i kommunane. Treningsgruppene blir leidde av frivillige instruktørar. Målgruppa for «Sterk og Stødig» er heimebuande eldre med begynnande funksjonssvikt og ustøheit, som går utan hjelpemiddel innandørs og klarer seg godt i eigen heim utan særleg hjelp. Mange kommunar har starta «Sterk og stødig» og fleire ønskjer å starte. USHT Vestfold og Telemark, fylkeskommunen og fysioterapeutar frå fleire kommunar arbeider for å planleggje korleis utdanning av frivillige instruktørar kan organiserast i fylket. USHT Telemark vil koordinere instruktørkursar ut frå kommunane sine behov når planen er klar.

## Rapportering – tilskot for å motverke einsemd

I 2020 og 2021 har Statsforvaltaren gitt ca 41 millionar kroner i tilskot for å motverke einsemd hos eldre under koronaen. Kommunar, frivillige organisasjonar m.m. i Vestfold og Telemark har fått i alt ca 190 tilskot - frå 5000 til ein million kroner. Vi minner om rapportering innan 25.februar 2022, sjølv om tiltaka ikkje er avslutta. Vi har tidlegare sendt ut rapportskjema. Kontaktperson: Roger Jensen, epost [fmterje@statsforvalteren.no](mailto:fmterje@statsforvalteren.no)

## Tilbod om individuell oppfølging i kommunane

Det regionale støtteapparatet ønsker å tilby individuell oppfølging av arbeidet med Leve heile livet for kommunar som ønsker dette. Tema for oppfølginga kan til dømes vere korleis ein kan jobbe med politisk forankring, korleis skape gode prosessar for medverknad, eller andre tema de har ønskje om hjelp til. Ta kontakt med Elisabeth Holte (se øvst på sida).

## Har du saker til nyheitsbrevet?

Skjer det noko spennande i din kommune?! Vi ønsker tips til interessante saker som kan delast med andre kommunar i nyheitsbrevet for Leve heile livet. Tips og saker kan sendast til Elisabeth Holte.

## God Jul!

Vi i det regionale støtteapparatet for Leve heile livet vil takke for det gode samarbeidet med dykk i kommunane, og vi ønsker alle saman ei riktig god jul og eit godt nytt år!

### Beste helsing frå

Roger Jensen (Statsforvaltaren), Merethe Taang (KS), Ellinor Bakke Aasen (USHT), Finn Egil Aure (Eldrerådet), Inger Elisabeth Borge (Fylkeskommunen), Agnes Haugan (Fylkeskommunen), Lene Hennum (Fylkeskommunen), Lisbeth Haugan (Statsforvaltaren), Per Gunnar Disch (Senter for omsorgsforskning), Therese Midtgaard Jensen (USHT), Tonny Kværne (USHT) og Elisabeth Holte (Statsforvaltaren)

